

Eksempel på oppgåver i delprøven i munnleg kommunikasjon

Nivå A1-A2

Prøven på nivå A1-A2 har fire oppgåver. Kandidatane skal snakke åleine i tre oppgåver, og snakke saman i éi oppgåve. Kandidatane kan spørje dersom dei ikkje forstår oppgåvene.

OPPGÅVE A INDIVIDUELL A1 FORTELJE

I oppgåve A skal kandidatane snakke éin og éin. Alle kandidatar får same oppgåve. Dette er ei fast oppgåve, som er med i alle prøvar på A1-A2-nivå.

Oppgåve: Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eksaminator følgjer opp med spørsmål dersom det er nødvendig. Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 1-2 minutt.

OPPGÅVE B INDIVIDUELL A1-A2 BESKRIVE BILETE

I oppgåve B får kandidatane eitt bilete kvar og skal fortelje kva dei ser på biletet. Kandidatane skal snakke éin og éin.

Oppgåve: Kva ser du på biletet?

Oppfølgingsspørsmål: Eksaminator peikar på biletet og følgjer opp om nødvendig. Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt. (Sjå eksempel på bilete i slutten av dette dokumentet).

OPPGÅVE C SAMTALE A1-A2 UTVEKSLE INFORMASJON

I oppgåve C skal kandidatane snakke saman. Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål dersom det stoppar opp.

Eksempel på samtaleoppgåver:

1. Kan de snakke saman om vêret i Noreg?
2. Kan de snakke saman om kva de gjer på laurdagar?

Eksaminator stoppar kandidatane etter 2-3 minutt.

OPPGÅVE D INDIVIDUELL A2 FORTELJE / BESKRIVE

I oppgåve D skal kandidatane snakke éin og éin.

Eksaminator kan stille oppfølgingsspørsmål dersom det stoppar opp.

Eksempel på oppgåver:

1. Kan du fortelje om korleis du brukar pc/data på skulen?
2. Kan du fortelje om kva du pleier å bruke pengar på?
3. Kan du fortelje om ein stad du har lyst å reise til?

Eksaminator stoppar kvar kandidat etter 2-3 minutt.

Kandidatar som tar prøven på A1-A2-nivå, kan få tilleggsspørsmål frå B1-nivået (eventuelt også frå B2-nivået), dersom sensor vurderer at kandidaten kan vere på eit høgare nivå enn det prøven måler. Sjå eksempeloppgåver for B1-nivået og B2-nivået i eigne dokument.

Eksempel på bilete til oppg ve B:

